

Saksframlegg

Sakshandsamar: Cornelis Erstad
Arkivsaksnr.: 18/925-18

Arkiv:

Detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon

* Tilråding:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon, dagsett 29.11.2018, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon, dagsett 29.11.2018, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Vedlegg:

1. Planomtale og føresegner, dagsett 29.11.2018
2. Plankart, dagsett 28.11.2018
3. Merknadar til offentleg høyring og ettersyn
4. Referat frå møte mellom Sogndal kommune og Statnett, 21.08.2018.

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Norconsult AS utarbeidde i 2011 på oppdrag frå Statnett SF framlegg til detaljreguleringsplan i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova for tilkomstveg frå Mannsverk i Øvstedalen til Hagafjellet. Planen vart vedteken i Sogndal kommunestyre den 16.02.2012.

Planarbeidet femna om utarbeiding av:

- Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova
- Planomtale som klargjorde mål, prinsipp og planen sine vesentlege verknader i forhold til miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova
- Risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova

Veganlegget er ferdig utbygt, overteke av Statnett 31.10.2014 og vegen er teken i bruk. I samband med detaljprosjektering og bygging vart det føreteke nokre endringar i høve til regulert situasjon.

Den opphavlege reguleringsplanen regulerte eit belte på om lag 100 m breidde som vegtrasèen kunne leggje beslag på, enten for justering av geometri, eller som mellombels anleggsområde for å sikre gjennomføring av anlegget. Det er ikkje lenger behov for å regulere eit så omfattande areal til vegføremål.

Reguleringsendringa har difor også avgrensa arealet avsett til veg/mellombels anleggsområde slik at det kun er det arealet som skal ervervast til permanent, framtidig veggrunn som inngår i reguleringsplanen.

Slutføring av arbeid med grunnnerv og oppmålingsforretningar må gjerast etter endeleg handsaming av reguleringsendring der føremålet er å bringe reguleringsplan i samsvar med «som-bygd» situasjon for veganlegget.

Forvaltningsutvalet vedtok i møte den 06.09.2018, sak 40/18, å leggje detaljreguleringsplanen ut til offentleg ettersyn og høyring, jamfør plan- og bygningslova § 12-10. Planframlegget låg ute til høyring i perioden 25.09. - 07.11.2018. Det er kome inn 4 merknadar i løpet av høyringsperioden. Desse er summert og vurdert i det følgjande.

Vurdering:

Statens vegvesen minner om at frisktlinjer for avkøyrslar bør regulerast inn i planen av omsyn til trafikktryggleik. Krav til friskt i avkøyrslar finn ein i vegnormal N100 Veg- og gateutforming.

Vår vurdering: plankart og føresegner bør verte oppdatert i samsvar med merknad.

Tilråding: i plandokumenta er det lagt inn siktlinjer/siktsoner for avkøyringar og vendehammar, og for bustadavkøyrslar markert med pil. Ved avkøyrslene der det er teikna inn sikttrekantar, er plangrensa justert slik at heile siktsona kjem innan for planen. Fyrste 300 m av vegen er kommunal. Resten er privat, her har ikkje vegen fartsgrense. For innteikning av siktlinjer er det difor lagt til grunn fartsgrense 50km/t, tilsvarande sikt-trekantar 4m x 45m.

NVE syner til sitt innspel til varsel om planoppstart og saknar at deira generelle råd vert følgt opp. Sentral- og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som treng konsesjon etter energilova skal i reguleringsplan setjast av som omsynssoner bandlegging etter anna lovverk (PBL § 11-8 d/kode H740) i plankartet. Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet i PBL og kan settast av i plankartet om teknisk infrastruktur etter PBL § 11-7 nr. 2.

NVE syner også til at elvane som vert kryssa ikkje er regulert med eige arealføremål. NVE rår til at vi nyttar arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. PBL § 12-5 nr. 6, til å merke vasstrengen. NVE syner til vassressurslova § 11 om kantvegetasjon og at breidda kan fastsetjast i reguleringsplanen.

Vår vurdering: plankart og føresegner bør verte oppdatert i samsvar med merknad.

Tilråding: I plandokumenta er ny høgspenningssone sett av som bandleggingsssone etter anna lovverk med kode H470 i plankartet. Vidare er føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag er lagt inn i for kjende bekkar i planområdet med eit belte på 10 m for kvar vasstreng.

Helge Øvretun har fleire merknadar til planendringa der hovudbodskapen er at dersom ny plan vert vedteken i samsvar med «som-bygd-situasjon» for veganlegget, vil ikkje Statnett trenge rydde opp etter utbygginga i samsvar vesentlege vilkår/føresegner i gjeldande reguleringsplan. Øvretun syner til at han ved fleire høver har teke opp desse punkta med både Statnett og kommunen, utan at Statnett har retta seg etter desse vilkåra.

Vassproblem

Øvretun syner til at fleire vassvegar har vorte endra frå det opphavlege og enten leia andre plassar eller ført saman til større bekkar/elver. Dette lei til auka erosjonsproblem. I gjeldande planomtale (kap. 3.1.1 og 3.3) vert det skriva at bygging av vegen ikkje skal leie til auka fare for

flaum, ras og skred og at bekkar ikkje skal førast saman. Øvretun meiner at desse krava ikkje er følgd og dersom reguleringsendringa no vert vedteke er det ikkje lenger trong for Statnett å rydde opp i dette.

Manglande gjerding

Vidare syner Øvretun til kap. 3.4 i planomtalen der det går fram at eksisterande gjerder som vert råka av anleggsarbeid skal setjast opp att eller erstattast med nytt gjerde. Øvretun meiner at det er om lag 1000 meter med permanent gjerde og noko mindre med el-gjerde som er øydelagd grunna anleggsarbeidet utan at dette er ordna opp i. Dersom reguleringsendringa no vert vedteke er det ikkje lenger trong for Statnett å rydde opp i dette.

Uttransportering av jord og tilstelling av sideareal

I sitt siste punkt syner Øvretun til at det er køyrd vekk tilnærma 6000 m³ matjord og at delar av dette er henta frå areal utanfor vegtraseen til trafostasjonen. Denne jorda er det no trong for til å kunne stelle til at arealet utanfor vegtraseen. Øvretun meiner at Statnett ikkje har handsama jorda eller stelt til sideareal i samsvar med kap 3.3.1 i planomtalen til gjeldande reguleringsplan. Øvretun skriv vidare at ein 1 km lang jordbruksveg og to mindre jordbruksvegar har vore nytta som anleggsveg i byggeperioden, utan at desse no er stelt til att. Vatn renn no i vegbanene og grev desse i stykker. Dersom reguleringsendringa no vert vedteke er det ikkje lenger trong for Statnett å rydde opp i dette.

Vår vurdering: planavdelinga har vore på synfaring på eigedomen til Øvretun og sett at nye overvasslaup har leia til erosjonsskader på stadar der slikt ikkje har vore tidlegare. Revegeteringa er framleis einskilde stadar liten. Vi har ikkje grunnlag for å sei kva som ev mangle av gjerder.

Vidare har kommunen på ny gått gjennom ROS-analyser og skredvurderingar for å vere trygg på at tiltaket ikkje har leia til auka fare for at sørpeskred eller jordskred kan nå eksisterande busetnad.

Det er gjennomført to ROS-arbeid for dette planarbeidet. ROS-analysen, dagsett 28.10.2011, har som føremål å vurdere alle risikotilhøve som har innverknad på om arealet er eigna til planlagd føremål, og eventuelt endringar i slike tilhøve som følgje av planlagd utbygging. I tillegg skal vurderinga syne om framlegget representerer ein fare for det regulerte området (to-sidig påverknad). Analysen viser ei hending med uakseptabel risiko: ekstrem nedbør/flaum som endrar dei naturlege vassvegane og leiar til jordskred. På bakgrunn av dette vart det bestemt at ein ved detaljprosjektering av vegen skulle jobbe med risikoreduserande tiltak knytt til handtering av vatn. Analysen viser også ei hending med akseptabel risiko, sørpeskred, med tilråding om at risikoreduserande tiltak burde gjennomførast. Mogelege tiltak inkluderer at vegbygging og bruk av vegen ikkje skal skje om våren i vårløysinga. Det må gjennomførast skredvurderingar dersom vegen likevel skal nyttast i vårløysinga, når det regnar kraftig på snødekt mark eller når det er kraftig mildvær.

Det andre ROS-notatet, dagsett 17.10.2017, vart i samsvar med føresegn § 3.1. b. i gjeldande reguleringsplan, utarbeida etter at anleggsarbeidet var avslutta. Føremålet med dette notatet var å klargjere om anleggsarbeidet har resultert i auka fare for overvatn og tilhøyrande flaum/ras, som overskrid krav til tryggleik i teknisk forskrift til plan- og bygningslova. I notatet er det for den aktuelle anleggsvegen/tilkomstvegen konkludert gjennom synfaring og drift av veganlegget i tida etter ferdigstilling at anlegget er tilfredsstillande og har fungert under dei vêrtilhøva som har vore i perioden. Det er observert at ved nokre stikkrenner og inntakskummar renn vatnet under renna og gjennom vegkroppen. Det er vurdert at dette er noko som truleg vil endre seg etter kvart som grøfter og vegoverbygging vert tetta med finare massar, vegetasjon, etc. Det er eit føremonn for vidare tilfredsstillande drift av anlegget at vegeigar utarbeidar rutinar for gjennomføring av tilsyn og reinsk av stikkrenneinntaka.

Sogndal kommune hadde den 21.08.2018 eit møte med Statnett og Norconsult der desse tilhøva vart lagd fram. Det går fram av referatet at Statnett har hatt mange rundar med Øvretun gjennom heile plan- og byggeperioden, utan at ein har kome fram til ein minneleg avtale. Statnett informerte vidare at det ikkje vil vere aktuelt å utføre fleire arbeid knytt til denne eigedomen og at saka mellom Øvreun og Statnett kan verte avgjort i skjønnsretten gjennom eit anleggsskadeskjønn. Vidare er kommunen og Statnett samde om at utbetring og tilstelling av sidearealet til vegen, er tilhøve som ikkje skal løysast i samband med denne reguleringsendringa.

Vi ser ikkje at denne reguleringsendringa frittek Statnett for dei krav som er satt i gjeldande reguleringsplan, då reguleringsendringa berre skal stadfeste endeleg veganlegg. Kommunen føreset at Statnett held fram med å prøve avklare spørsmåla Øvretun tek opp gjennom ein minneleg avtale, og dersom dette ikkje lykkast at dei uavklarte spørsmåla vert avklart gjennom eit anleggsskadeskjønn.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skriv at dei ikkje har merknadar til endringane.

Tilråding: merknaden er teke til orientering.

Samla vurdering:

Denne reguleringsendringa skal stadfeste vegen slik den er etablert og slik vere formelt grunnlag for fradeling og endeleg oppgjer mellom Statnett og dei aktuelle grunneigarane. Rådmann vurderer at tvisten mellom Øvretun og Statnett er privatrettsleg og må løysast gjennom avtale eller skjønn, og vedkjem ikkje denne reguleringssaka.

Sogndal, 30.11.2018

Jostein Aanestad
-rådmann-